

Sist rev. 07.10.2024  
Vedteke offentleggjering i sak 069/24, 15.10.2024

Etne kommune

# Planstrategi 2024-2028



Kva er ein planstrategi?.....Side 2

Føringer for kommunal planlegging.....Side 3

Utfordringar og utviklingstrekk.....Side 8

Revisjon av kommuneplan og planbehov.....Side 10



## Kva er ein PLANSTRATEGI?

Ein planstrategi er eit verktøy som set rammer for kommunen si planlegging. Planstrategien er ikkje ein plan, og skal ikkje vedta mål og strategiar. Planstrategien skal peike ut kva me skal ta omsyn til i kommunen si planlegging, og kva føringar som gjeld. Det er viktig å få fram at ein planstrategien er retningsgjevande for kommunen si planlegging, og har ikkje rettsverknad for innbyggjarane.

Det er plan- og bygningslova (PBL) legg føringar for korleis planstrategien skal sjå ut. PBL § 10-1 seier at ein planstrategi skal ta stilling til om gjeldande kommuneplan skal vidareførast, eller om det er behov for endringar eller ein heilt ny kommuneplan. Kommunestyret må vedta planstrategien innan eitt år etter konstituering.

Kontinuerleg planlegging er ein viktig del av kommunen si rolle som samfunnsutviklar og ein viktig del av demokratiet. Gjennom planstrategien får det nye kommunestyret høve til å gå gjennom utfordringar, oppdaterte regionale og nasjonale forventningar til kommuneplanlegginga, og nye lovkrav kommunen må ta omsyn til i planlegginga. På dette grunnlaget kan våre folkevalde ta stilling til om gjeldande kommuneplan skal vidareførast eller om det er behov for revisjon av planen.

Vurderingane skal gjerast i lys av dei utfordringane kommunen har, og den politikken det nye kommunestyret ynskjer å føre. Det er nettopp denne gjennomgangen av utfordringar, forventningar og innhaldet i gjeldande kommuneplan (arealdel og/eller samfunnsdel) som er intensjonen med den kommunale planstrategien i plan- og bygningslova.

For at kommunestyre skal kunne ta stilling til om det er behov for å endre kommuneplanen, danner folkehelseoversikta kunnskapsgrunnlaget saman med utfordningsbiletet framlagt i Etne 2030 – vegen mot 2040.

- ▲ Folkehelseoversikta, i tråd med folkehelselova §§ 5 og 6, vart førelagt kommunestyret ved oppstart planstrategi i april 2024, og oppdatert hausten 2024. Folkehelseoversikta er eit oversiktssokument over helsetilstanden i kommunen vår, med påverknadsfaktorar.
- ▲ Etne 2030 – Vegen til 2040 er eit dokument som syner utfordningsbiletet som Etne kommune står ovanfor dei neste åra, vedteke 17.09.2024, sak 073/24. Den skisserer korleis kommunen skal effektivisere drifta og balansera økonomien gjennom spørsmåla kvifor, korleis og kva.

## KVA?

Ein planstrategi skal gi eit godt grunnlag for å vurdere planbehovet i kommunestyreperioden

## KVIFOR?

Ein planstrategi skal drøfte utviklingstrekk, inkludert utfordringar for ei langsiktig samfunnsutvikling

## FIREÅRSTABELL for kommunen sitt planarbeid

Ein fireårstabell gir rammer for det kontinuerlege planarbeidet i kommunen. Fireårstabellen sikrar ei langsiktig samfunnsplanlegging ved å prioritere langsiktige mål gjennom eit politisk styringsverktøy. Tabellen viser samanhengen mellom ulike planfasar, ei kopling til budsjett- og økonomiplanen (økonomirevisjon), samt mot øvrige planar og strategiar.

Ein slik tabell har ikkje tidlegare vore vurdert, og vert her presentert som eit nyttig verktøy for å halde tritt med planbehovet. Dette gir ein større forutsigbarheit og forventningsavklaring mellom det politiske styret og kommuneadministrasjonen.




## KORLEIS?

Korleis kan eg som nyvald vere med på å bidra til ei langsiktig samfunnsutvikling i kommunen eg er vald i?

I planstrategien finn eg kva administrasjonen skal levere på i perioden eg er vald. Gjennom denne har eg vore med på å bestemme kva strategiar, temaplanar, handlingsplanar og reguleringsplanar som det skal arbeidast med.

## Føringer for kommunal planlegging



### FN sine BEREKRAFTSMÅL

FN sine 17 berekraftsmål skal vere verda sin felles arbeidsplan for å ta tak i vår tids største utfordringar. Berekraftsmåla skal vere ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga.

Etne kommune har forplikta seg til å følgje opp berekraftsmåla, og er innarbeidd mellom anna i energi- og klimaplan (vedteke des. 2022), bustadsosial plan (vedteke april 2024), folkehelseoversikta (april 2024), og høyningsforslaget til ny kommuneplan sin arealdel (hausten 2024). Folkehelseoversikta, som i stor grad legg kunnskapsgrunnlaget for planstrategien, peikar særleg på desse måla relevante for arbeidet:

Figur 1 FN sine berekraftsmål relevante for arbeidet med folkehelseoversikta. Kjelde: FH



FN sine berekraftsmål er arbeidd inn i den regionale folkehelseoversikta for Vestland 2023-2027, som identifiserer fire folkehelseutfordringar for fylket. Funna i Etne kommune sin folkehelseoversikt stemmer godt overeins med folkehelseutfordringane som går fram av den regionale folkehelseoversikta for Vestland.

Figur 2 Dei fire folkehelseutfordringane for Vestland fylke. Kjelde: Folkehelseoversikta for Vestland 2023-2027.



1 Utfordring nr. 1: Sosial ulikskap i helse

2 Utfordring nr. 2: Demografiske endringar

3 Utfordring nr. 3: Psykisk helse og livskvalitet

4 Utfordring nr. 4: Klimaendringar

## NASJONALE FORVENTNINGAR til kommunal planlegging 2023-2027


Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging for å fremje berekraftig utvikling i heile landet. Dei nasjonale forventningane skal følgjast opp i fylkeskommunane og kommunane sitt arbeid med planstrategiar og planar, og kan gi grunnlag for motseigner frå Statsforvaltaren. Nasjonale forventningar til planlegginga gir føringer for arealbruken og samfunnsutviklinga på regionalt og kommunalt nivå.

I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 har regjeringa valt fem overordna perspektiv som utgangspunkt for 72 forventningar:

- ▲ Samordning og samarbeid i planlegginga
- ▲ Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- ▲ Velferd og berekraftig verdiskaping
- ▲ Klima, natur og miljø for framtida
- ▲ Samfunnstryggleik og beredskap

Regjeringa peikar på viktige utfordringar for kommunane framover, mellom anna med å nå berekraftsmåla, om reduserte klimagassutslepp og bevaring av karbonrike areal, ansvarleg forbruk, ressursbruk, bevaring av natur og naturmangfold, og mindre ulikskap.

I tillegg vil kommunane møte store samfunnsutfordringar som aldrande befolkning med større forventa omsorgsbehov og mangel på arbeidskraft innan ulike tenesteområde i kommunane. Dette er tema som også gjeld Etne kommune, og som pregar store delar av kunnskapsgrunnlaget og utfordringsbiletet som planstrategien er bygd på.



## STATLEGE planretningslinjer

Statlege planretningslinjer blir brukte for å konkretisere nasjonalt viktige planleggingstema. Statlege planretningsliner skal vere tydelege på kva mål som skal leggjast til grunn for planlegginga, og korleis ulike interesser skal ivaretakast og vegast. Statlege planretningsliner kan vere både tematisk og geografisk avgrensa.

### GJELDANDE STATLEGE PLANRETNINGSLINJER

	Gjeld frå	Status
Statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging	2014	Arbeid med å fornye sett i gong, <a href="#">Les meir her</a>
Statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen	2021	Erstattar den frå 2011, <a href="#">Les meir her</a>
Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging i kommunane	2018	Ingen oppdatering planlagt, <a href="#">Les meir her</a>
Rikspolitiske retningsliner for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga	1995	Tilhøyrande rettleiar frå 2021, <a href="#">Les meir her</a>
Rikspolitiske retningsliner for vern av vassdrag	1994	Fortsatt gjeldande jamført nasjonale forventningar.

SPR?

Statlege planretningslinjer, (SPR), er nasjonale forventningar til all planlegging. Kommunen skal leggje dei til grunn i si planlegging.

## REGIONALE føringer

Regionale planar skal bidra til fysisk, miljømessig, økonomisk og sosial utvikling i fylket. Fylkeskommunen er våre regionale folkevalde og har ansvar for å utarbeide dei regionale planane i samarbeid med mellom anna kommunane. Fylkeskommunen i Vestland utarbeider sin eigen planstrategi som skildrar viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar.

Det er lagt fram eit forslag til regional planstrategi for Vestland; [Utviklingsplan for Vestland 2024-2028](#), som hausten 2024 ligg på høyring. Den gjeldande planstrategien fram til den nye er vedteke, er [Utviklingsplan for Vestland 2020-2024](#). Høyringsforslaget er lagt på føringer frå eit oppdatert kunnskapsgrunnlag, [Utfordringsdokument for Vestland 2024-2028](#). Kunnskapsgrunnlaget gjev eit bilet av hovudtrekka i samfunnsutviklinga i Vestland ved utgangen av perioden 2020 til 2024, og peiker på seks utfordringsområde for dei neste åra. Utviklingsplanen skal gje ei tydeleg strategisk retning til samfunnsutviklinga dei neste fire åra, mobilisere ulike aktørar og samordne offentleg innsats og verksamhetsbruks.

Figur 3 Dei 6 utfordringsområda som kunnskapsgrunnlaget til ny Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 peikar på.

The diagram consists of a grid of six boxes, each representing a challenge area:

- Kapittel 2: Regional, by- og bygdeutvikling**: Illustration of a city skyline. Text: "Det er store variasjonar i kor attraktive dei ulike regionane og kommunane er for å trekke til seg befolkning, besøkande og investeringar i arbeidsplassar." [Les meir →](#)
- Kapittel 3: Klima og energi**: Illustration of a sun and clouds. Text: "Vestland vert villare og våtere for kvart år som går. Det fører til hyppigare hendingar med ras, flaum og tørke, og skaper ein utrygg kvardag." [Les meir →](#)
- Kapittel 4: Livskvalitet og like mogleigheter**: Illustration of a heart. Text: "Innbyggjarane i Vestland opplever på det jamne god livskvalitet, men dette heilsaksbiletet er i ferd med å slå sprekkar." [Les meir →](#)
- Kapittel 5: Naturmangfold og areal**: Illustration of a flower. Text: "Vi bur spreitt i Vestland, men naturgevne føresetnader som topografi og klima kombinert med livsstil og verdival gjer at presset på naturareala våre likevel er stort og aukande." [Les meir →](#)
- Kapittel 6: Verdiskaping og kompetanse**: Illustration of a person working. Text: "Vestland må få fart på omstillinga som skal gjøre oss mindre olje- og gassavhengig. Det er akutt mangel på rett kompetanse på rett stad, særleg innanfor yrkesfaga." [Les meir →](#)
- Kapittel 7: Samarbeid, kunnskapsutvikling og innovasjon**: Illustration of a lightbulb. Text: "For å møte utfordringsbiletet i Vestland er samarbeid, kunnskap og innovasjon tre viktige nøklar. Styrka samarbeid kan skape innovasjon og partnarskap mellom ulike grupper." [Les meir →](#)

**HOVUDBODSKAP**

Utviklingsplanen til Vestland er tydeleg:  
**Alle i vestland skal dra i same retning**

## NYE LOVAR som gir føringer for kommunal planlegging

Stortinget vedtok 12. desember 2022 ei ny lov om kommunen sitt ansvar på det bustadsosiale feltet, også kalla [Bustadsosial lov](#). Lova trådde i kraft 1. juli 2023. Lova skjerpar kommunen sitt ansvar for samordning og plikt til å ta bustadsosiale omsyn i planlegginga. Basert på det nye lovverket, handsama kommunestyret i april 2024 ein [Bustadsosial plan 2024-2030](#). Det vart laga ei kunnskapsgrunnlag til den bustadsosiale planen, og arbeidet peikar på tiltak og/eller strategiar knytt til:

- ▲ Barnefamiliar med låg inntekt, som leiger og bur trøngt.
- ▲ Innbyggjarar med nedsett funksjonsevne (uføre) som bur saman med foreldre slik at dei kan skaffe seg eigen bustad anten ved å kjøpe, leige-til-eige eller leige.
- ▲ Eldre som bur aleine med avstand til tenestetilbod

Planen legg opp til tre hovedmål for å bidra til dette, der tiltaka er kort oppsummert i tabell under. Den bustadsosiale planen legg også opp til strategiar for å få til tiltaka, med mellom anna etablering av tverrfagleg samansett ressurgruppe, retningslinjer, og Husbanken sitt verktøy for forvaltning, søknader og tildeling av bustader. Planen inneholder også ei oversikt over bustadtypar og buformer i kommunen, og har framskrive behovet mot år 2030.

### MÅL OG STRATEGI I VEDTEKEN BUSTADSOSIAL PLAN

	Tiltak
Barnefamiliar med låg inntekt, som leiger og bur trøngt.	Bustønad og startlån. Kommunal modell for leige til eige. Tilvisingsavtale mellom leigetakar og privat uteigar.
Innbyggjarar med nedsett funksjonsevne (uføre) som bur saman med foreldre slik at dei kan skaffe seg eigen bustad anten ved å kjøpe, leige-til-eige eller leige.	Bustønad og startlån. Kommunal modell for leige til eige. Utbyggingsprosjekt: Ivelandstomta.
Eldre som bur aleine med avstand til tenestetilbod.	Kommunal modell for leige til eige. Utbyggingsprosjekt: Ivelandstomta. Kommunal avtale med utbyggjarar for å auke delen aldersvenlege bustader. Kommunale eldrebustader for uteigar.

## TILSTREKKELEG bustadbygging og kommuneplanen sin arealdel

I 2021 blei plan- og bygningslova revidert, og i lova blei det lagt til eit krav om at kommunen skal legge til rette for «tilstrekkeleg bustadbygging». Dette går fram av [plan- og bygningslova § 3-1 punkt d.](#)

Bakgrunnen for tilføyinga i lova, er at dette er ei viktig samfunnspoppgåve. På lang sikt er bustadbygging og bustadforsyning viktige verktøy for å halde bustadprisane på nivå med den generelle prisutviklinga, samstundes som pris òg påverkar kor mange som har behov for hjelp til å skaffe seg ein eigna bustad. Førsegna i plan- og bygningslova om tilstrekkeleg bustadbygging blir eit viktig koplingspunkt mellom kommunen sitt ansvar på det bustadsosiale feltet og kommunen som planmynde.


Etne kommune dei siste åra arbeidd tett opp mot bustadreserven i kommunen gjennom kommuneplanen sin arealdel, som låg på [1. gongs høyring](#) sommaren 2023, og [2. gongs høyring](#) med [Avgrensa tilleggshøyring](#) sommaren og hausten 2024. Det har gjennom arbeidet vore ei politisk føring for busetjing med tilgjengelege bustadareal i heile kommunen og i alle bygder, vidareført frå [Kommuneplanen sin samfunnsdel 2016-2026](#). Arealdelen er i sluttfasen, og tilbakemeldingane er at kommunen, gjennom det siste høyringsforslaget, har ei nokolunde reell bustadreserve, og at kommunen har eit tilfredsstillande oversikt over omdisponeringspotensialet i planen. Planskildringa syner ei oversikt over ledige bustadtomter i reguleringsplanar og elles i bustadføremåla som er vidareført frå førre plan. Oversikta syner at det er gode tomtereservar for bustadtomter i kommunen, men trong for fleire tomter i kinsen Osvåg. Grunna utvikling i befolkninga med fleire eldre og fleire unge som vel å bu åleine, vil det også vere trong for fleire mindre bueiningar i sentrumsområda, anten i form av leilegheiter eller fleirmannsbustader. Her er det difor lagt opp til ei fortetting gjennom førsegna.

Figur 4 Framdriftsplan for ny arealdel til kommuneplanen.



## Langsiktig arealbruk gjennom ein AREALSTRATEGI

Etne kommune manglar eit strategisk kart som synleggjer dei prioriterte vekstområda i kommunen. Det er difor tilført ein forenkla arealstrategi, der sentra er ei vidareføring av areal- og transportplan (ATP) på Haugalandet. Unntaket er grendene Fjæra, Mortveit, Sørbygda og Sørstranda, som er tilført. Kartet gir grunnlag for auka medverknad frå grendelag i planprosessar.



## SAMFUNN - sikkerheit og beredskap

Også Etne kommune står ovanfor store samfunnsutfordringar som fleire eldre og færre yrkesaktive, og til dels forskjellar i levekår og utanforskap. Det globale utfordringsbiletet og dei lokale samfunnsutfordringane påverkar og forsterkar kvarandre, og vil i tillegg kunne påverke andre samfunnstilhøve.

Verda og Noreg står overfor eit alvorleg og usikkert utfordringsbilete. Rivalisering mellom stormakter og natur- og klimautfordringar er eksistensielle trugslar, som saman med teknologutvikling og demografiske utfordringar påverkar samfunnstryggleiken og stiller store krav til vår beredskap framover, jf. [No er det alvor](#), NOU 2023:17. Hendingar og kriser kan vere utløyste av naturen, tekniske eller menneskelege feil, eller tilsikta handlingar.

Då kommuneplanen sin arealdel har vore under arbeid gjennom arbeidet med folkehelseoversikt, bustadsosial plan og Etne 2030, har følgjeleg kunnskapsgrunnlaget vorte innarbeidd. Etne kommune sin forvaltingseining er ein liten administrativ del av organisasjonen, og dei same ressurspersonane har til dels arbeidd på tvers av grunnlagsdokumenta. Trong for oppgradering av kommunen sin heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) frå 2020 er vurdert som del av planskildringa. Her går det fram at:

Revidering av den heilskaplege ROS-analysen til kommunen er naudsynt for område/tema som gjennom kommuneplanen er supplert med oppdatert kunnskap. Den heilskaplege ROS-en må difor oppdaterast på eit par område som gjeld naturfare, men er elles dekkande for utviklinga.

### TRONG FOR OPPDATERING AV DEN HEILSKAPLEGE ROS-ANALYSEN TIL KOMMUNEN

	Vurdering
Naturfare	Risiko for kvikkleireskred må oppdaterast i tråd med ferdigstilt kartlegging og nye kart frå NVE. Kommunen har god oversikt over temaet.
Utbyggingsmønster, auka tettleik og endring i tal på menneske	Utbyggingsmønsteret er ikkje endra i høve til situasjonen ved ferdigstilling av den heilskaplege ROS-en i 2019. Etne kommune har ei framskriven negativ befolkningstrend, og det er ikkje grunn til å vente ei markant tilflytting i åra framover. Kommuneplanen legg opp til større tettleik og auka byggjehögder i sentrumsområda som gir auka avrenning.
Auka overvatn i sentrumsområda	Auka overvatn i sentrumsområda har direkte følgjer for det kommunale overvassystemet som pr. i dag har trong for oppgradering. Eit underdimensjonert overvasssystem gir risiko for vasskadar på kommunen og andre sine eigedomar.

## KLIMA - risiko og tilpassing

Alle sektorar og samfunnsområde er påverka av klimaendringane, eller vil bli det. Konsekvensane treff både direkte og indirekte og verkar på tvers av sektorar, næringer og landegrenser. Ulike aktørar, sektorar og samfunnsområde blir påverka på forskjellig måte, i ulik grad og til ulik tid.

Stortingsmelding 26 [Klima i endring](#) er tydeleg på at kommunane har ei nøkkelrolle i det førebyggande arbeidet ved å innlemme klimatilpassing og klimarisiko i alle kommunen sine planar, prosessar og oppgåver. Etne kommune vedtok ein eigen energi- og klimaplan 2023-2027 med handlingsprogram. Handlingsprogrammet følgjer opp arbeidet gjennom å få på plass eit klimabudsjetts som vert ein integrert del av økonomiverktøyet til kommunen. Handlingsplanen består av 25 punkt som saman skal bidra til å redusere utsleppa med 55% innan 2030 i høve til 1990-nivå. Kort oppsummering av tiltaka i [handlingsprogrammet](#):

TILTAK	TILTAK
Utarbeiding av klimabudsjetts	Digital deltaking/kollektivt framfor flyreise
Haldningsskapande arbeid	Årleg ryddedugnad i kommunen
Kartlegging og prioritering av ENØK-tiltak	Fokus på klima og -fotavtrykk i innkjøp
Energieffektivisering av kommunale bygg/anlegg	Nye kommunale køyretøy med el/lågutslepp
Fortetting og samlokalisering i sentrumsområda	Nedbørsmengd og kommunal infrastruktur
Nye næringsområde langs E134	Verne om allereie verna vassdrag
Detaljhandel innanfor sentrumsføremål	Alltid legge til rette for syklande og gående
Velferdsteknologi i helse- og omsorgssektoren	Klimatilpassing og naturmangfold i arealplanar
Reduksjon av avfallsmengd og gjenbruk	Klimatilpassing og naturmangfold i byggesak
Sikre eit godt kollektivtilbod v/Vestland fylke	Klimatilpassing og naturmangfold i landbruket

# Energi- og klimaplan

Energi- og klimaplanen for  
Etne kommune 2023-2027  
legg opp til ein **reduksjon av  
utsleppa med 55% innan 2030**

## Utfordringar og utviklingstrekk

### UTFORDRINGAR som me står ovanfor

Viktige utfordringar og utviklingstrekk som kommunen står ovanfor dei neste åra går fram av kunnskapsgrunnlaget til planstrategien: Folkehelseoversikta og Etne 2030 – vegen til 2040. Alt kommunalt arbeid må bidra til å fremme folkehelsa.

Folkehelsearbeidet skal bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelsa og jamnar ut sosiale helseforskjellar. Det som påverkar folkehelsa i kommunen, spenner vidt, mellom anna økonomisk utvikling og moglegheiter for arbeid, oppvekst- og utdanningstilbod, tilgang til rent vann og mat, grøntområde og moglegheiter for fysisk aktivitet med meir.

#### UTFORDRINGAR SOM GÅR FRAM AV KUNNSKAPSGRUNNLAGET

##### FOLKEHESEOVERSIKTA

Utfordningsbilete knytt til helsetilstanden i Etne kommune

##### ETNE 2030 – VEGEN MOT 2040

Utfordningsbilete knytt til berekraftig drift

Sosial ulikskap i helse

Demografiske endringar

Psykisk helse og livskvalitet

Klimaendringar

Auka attraktiviteten gjennom investeringsbehov

Demografiske endringar

Uavhengighet frå ekstrainntekter

Basert på desse utfordringane over, er det utarbeidd tre hovedutfordringar som er vurdert dekkande for ein planstrategi dei neste 4 åra.

#### Hovedutfordringane som gir grunnlag for planstrategien:

- ▲ Auka attraktivitet og bulyst
- ▲ Demografiske endringar
- ▲ Klimaendring og naturpåverknad



## DEMOGRAFISKE ENDRINGAR

Eit av dei mest markante trekka ved den demografiske utviklinga i Etne er ei aukande eldre befolkning. Det er forventa at talet på innbyggjarar over 67 år vil overgå talet på barn og unge under 19 år innan 2028. Denne utviklinga vil forsterke seg i åra fram mot 2040. Dette legg stort press på helse- og omsorgstenestene i kommunen, samstundes som behovet for tenester innan oppvekst og utdanning kan minke.


**Bustader** Den aldrande befolkninga gjer at behovet for tilpassa bustadar og omsorgsbustadar vil auke. Det vil bli eit aukande behov for tilrettelagde bustadar for eldre, samtidig som det er viktig å legge til rette for at fleire kan bli buande i eigen heim lengst mogleg. Dette krev investeringar i heimebaserte tenester og velferdsteknologi.

**Arbeidskraft** Med ein stadig eldre befolkning vil kommunen oppleve ei gradvis nedgang i arbeidskraft. Det blir utfordrande å rekruttere nye tilsette i helsesektoren og andre kritiske samfunnfunksjonar, ettersom mange av dagens tilsette vil gå av med pensjon i løpet av dei neste åra. Dette krev strategiar for å effektivisere bruken av dei tilsette ressursane kommunen har, samt for å sikre rekruttering av nye arbeidstakrarar.

**Born og unge** Med større forventa omsorgsbehov og mangel på arbeidskraft framover, vil det vere trong for å fremje bulyst for unge familar ved å sikre tilstrekkeleg trivsel og helse.

**Omsorg** Etne kommune vil måtte prioritere omsorgstenester for eldre, noko som kan føre til ei omfordeling av ressursar frå andre sektorar. Samstundes vil helserelaterte utfordringar som demens tilføre ekstra press på kapasiteten i tenestetilbodet.

Figur 5 Befolkningsframskriving i aldersgrupper. Prognose basert på 2022-tal.  
Kjelde: Statistisk sentralbyrå, SSB



Figur 6 Skånevikspeidarane på veg til øya Skåno. Foto: Sylvia Thør



## AUKA ATTRAKTIVITET OG BULYST

Det er få nye innbyggjarar som flyttar til Etne, noko som forsterkar den demografiske utfordringa. Samstundes er det ein tendens til at unge flyttar vekk frå kommunen, særleg for utdanning og jobb. Mangelen på tilflytting frå yngre personar og familar påverkar kommunen si evne til å oppretthalde eit balansert samfunn. Reduserte innbyggjartal fører til lågare rammetilskot frå staten og reduserte skatteinntekter.

**Balansert samfunn** Dei demografiske endringane har store konsekvensar for attraktiviteten, då det er viktig å tiltrekke yngre familar for å oppretthalde eit balansert samfunn. Tiltak som kan fremje bulyst for unge familar og tilflyttarar er avgjerande.

**Investering** Trivsel og helse er sentrale for å skape bulyst. Tiltak som fremjar eit inkluderande sosialt miljø og trivsel for alle aldersgrupper vil vere viktig for å auke attraktiviteten. Etne kommune har sett i gong fleire investeringsprosjekt med mål om å styrke attraktiviteten. Dette inkluderer satsingar på fritidsaktivitetar, folkehelse og infrastruktur. Investeringane vil krevje justeringar i ressursbruk og kan føre til aukte utgifter på sikt, men dei er nødvendige for å møte dei demografiske utfordringane og styrke bulysta.

## KLIMAENDRING OG NATURPÅVERKNAD


Krava til klimatilpassing inneber mellom anna å tilpasse infrastrukturen til auka ekstremvær, sikre bustad- og ressursforvaltninga, tilpasse beredskapen, og å fremje berekraftige løysingar. Nedbygging av natur er den viktigaste negative påverknaden på naturmangfaldet, og som også ofte har ei negativ påverknad på klimaet.

**Ekstremvær** Klimaendringane forventast å føre til meir ekstremvær i kommunen, inkludert auka nedbør, sterkare vind og meir hyppige flaumar og ras. Dette stiller krav til både beredskap og klimatilpassing i kommunen.

**Energi** Tiltak som energieffektivisering og berekraftig bygningsløysing vil bli viktige for å møte utfordringane knytt til klimatilpassing og energieffektivisering. Etne kommune har som mål om å redusere utsleppa med 55% innan 2030 i høve til 1990-nivå, og fleire, og gjerne samansette, tiltak må til for å nå dette.

**Natur** Viktigheita av å hindre nedbygging av naturareal er avgjerande for å bevare både naturmangfaldet og å sikre at naturen kan fortsette å levere viktige økosystemtenester til samfunnet. Kommunen bør arbeide for å sikre levedyktige økosystem, og å redusere risikoen for utslepp av artar.

Landbruket er ei stor næring i Etne kommune, og som er avhengig av stabile klima- og værforhold. Det vil bli viktig for kommunen å støtte opp om lokale tiltak som fremjar klimaresistent jordbruk og berekraftig ressursforvaltning.



## Revisjon av kommuneplan og planbehov

### Trong for å endre GJELDANDE KOMMUNEPLAN

#### Kommuneplanen består av to delar

**Samfunnsdelen** som skildrar langsiktige mål for samfunnsutviklinga i kommunen, og som danner grunnlag for alle kommunen sine prioriteringar.

**Arealdelen** som overfører måla i samfunnsdelen til arealpolitiske verkemidlar, og som fastset rammene for langsiktig arealutvikling i kommunen.

Behovet for å oppdatere gjeldande kommuneplan sin samfunnsdel 2016-2026 er basert på å møte utfordringane knytt til **demografiske endringar, auka attraktivitet og bulyst, og klimaendring og naturpåverknad**. Det vil generelt vere trong for strukturelle endringar av heile samfunnsdelen for å tydeleggjere desse. Kommuneplan sin arealdel er no i sluttfasen, og har i stor grad tatt opp i seg kunnskapsgrunnlaget som ligg føre ved utarbeiding av planstrategien, og vil ikkje ha trong for oppdatering i valperioden.

#### DEMOGRAFISKE ENDRINGAR

- **Auka behov for helse- og omsorgstenester:** Den aldrande befolkninga vil krevje fleire tilpassa tenester, spesielt knytt til helse og omsorg. Samfunnsdelen bør oppdaterast for å styrke tiltak som fremjar helsa til eldre, inkludert tilrettelegging for heimebaserte tenester og tilpassa bustadar.
- **Tiltak for å tiltrekke unge familiar:** Det er avgjerande å motverke utflytting av unge og å tiltrekke seg yngre familiar. Samfunnsutviklingskapittelet bør oppdaterast med tiltak som betrar bustadtilgangen, spesielt for unge. Tilrettelegging for gode oppvekstvilkår og sosiale møteplassar må vektleggast.

#### AUKA ATTRAKTIVITET OG BULYST

- **Utvikling av berekraftige bumiljø:** Planen må oppdaterast for å gjere bustadplanlegginga meir berekraftig og tiltalande for både eksisterande og nye innbyggjarar. Dette inneber utvikling av energieffektive bustader, grøn infrastruktur, og fleire møteplassar for sosialt samvær og fritidsaktivitetar. Dette vil ikkje berre tiltrekke nye innbyggjarar, men også bidra til å behalde noverande innbyggjarar ved å skape attraktive bumiljø.
- **Forbetre infrastruktur og samferdsle:** Tilrettelegging for kollektivtransport og mjuke trafikantar må styrkast for å gjere området meir attraktivt. Gode samferdsleløysingar er avgjerande for pendling og tilgang til arbeidsmarknaden utanfor kommunen, noko som vil auke bulysta for yngre familiar.

#### KLIMAENDRING OG NATURPÅVERKNAD

- **Tilpassa arealplanlegging og beredskap:** For å møte utfordringane knytt til klimaendringar, må planen oppdaterast for å inkludere tiltak som reduserer risikoen frå naturfarar. Planen må sikre ivaretaking av naturressursane våre, og hindre unødig nedbygging. Plankart og føresegner som sikrar dette er allereie ein del av arealplan som vert ferdigstilt i løpet av valperioden.
- **Energieffektivisering og berekraftig utvikling:** Tiltak som fremjar energieffektivisering i bustad- og næringsbygg bør oppdaterast i tråd med vedteken energi- og klimaplan.

## Vurdering av PLANBEHOV

Ein kommunal planstrategi skal innehalde ei vurdering og prioritering av planbehovet i valperioden. Vurderinga er gjort på bakgrunn av utfordringsbiletet frå kunnskapsgrunnlaget til planstrategien, og skal vere behovsstyrta.

Vurdering av planbehovet er i hovuddokumentet til planstrategien redusert til å berre gjelde kommuneplan og heilskapleg ROS. I arbeidet med kommuneplanen sin arealdel såg ein trond for å auke detaljgraden i sentrumsområda Etnesjøen og Skånevik sentrum. Gjennom førre budsjettperiode (des. 2023) vart det difor laga tiltak og budsjett for utarbeiding av områdeplanar for sentrumsområda. Det er ikkje realistisk å gjennomføre fleire reguleringsplanar i valperioden utover desse områdeplanane.

*Evaluering av behovet knytt til strategiar, temaplanar og handlingsplanar følgjer som vedlegg.*

PLANBEHOVET I VALPERIODEN		2025	2026	2027	2028
	Kommentar				
KPS	Kommuneplanen sin samfunnsdel treng ei oppdatering jamfør vurderinga på førre side.	x			
RP Skånevik sentrum	Områdeplan for sentrum for å sikre kultur-, frilufts og bustadmiljø mot Sunnhordlandsbassenget		x		
RP Etnesjøen	Områdeplan for sentrum for å sikre kultur-, friluft, bustader og infrastruktur				x
Heilskapleg ROS	Oppdatering i tråd med ny KPA	x			

